



Arkivverket
Postboks 4013 Ullevål Stadion

0806 OSLO

Vår ref.
21/413-3/068C66&13/7

Dykkar ref.

Dato:
29.07.2021

Svar på høyring - forslag til endring i Riksarkivarens forskrift

Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA Rogaland) vil med dette svara på høyringa knytt til forslag om endring i Riksarkivarens forskrift.

1. Arkivverket vil tydeleggjera krav i kap. 2 og 3.
IKA Rogaland er positive til tydeleggjeringane og har ingen merknader til dette.
2. Arkivverket opnar for å tillata fleire filformat ved overføring av elektronisk arkiv.
IKA Rogaland støtter dette. Me er samd i dei nye formata som er foreslått, dette er ei naturleg utviding. Me har berre følgande kommentarar: I §5-14 står det at «Dokumenter kan pakkes i ZIP/ZIP64 og TAR.» Det bør presiserast at alle dokument innanfor ZIP/TAR-pakkane skal vera i arkivformat.
3. Omgrepsendring: kassasjonsfrist erstattast med oppbevaringstid
IKA Rogaland støttar dette forslaget.
4. Forslag om endring i §7-11 og 7-26 – tillata kassasjon av rekrutterings- og tilsetjingssaker.
IKA Rogaland er usikker på konsekvensane av dette. IKA frykter at det ikkje vil bli gjort ei tilfredsstillande vurdering slik ny § 7-26 første ledd bokstav g) legg opp til, og at viktige kommunale rekrutteringsprosessar dermed ikkje blir dokumentert godt nok. Dei fleste kommunane nyttar eigne fagsystem for handtering av rekruttering. For å ivareta offentleg innsyn i rekrutteringsprosessen har dei integrasjon til sak og arkivsystemet. Det vil i tillegg komplisera arbeidet med bevaring og kassasjon dersom enkelte stillingstypar skal bevarast og andre ikkje. Samtidig er det viktig å kunna gå det offentlege i saumane, det er derfor nødvendig at rekrutteringsprosessar blir dokumentert, både med tanke på det offentlege sin rett til innsyn, tillit til forvaltninga, og korleis rekrutteringa endrar seg i takt med samfunnsutviklinga. Ved å tillata kassasjon av alle dokument i rekrutterings- og tilsetjingssaker kan ein risikera å øydelegga for framtidig forskning.
5. Forslag om eigne bevaringsreglar for saker om fagskular, folkehøgskular og kommunane sitt arbeid med tilskot til bustad.

IKA Rogaland meiner det er bra at det kjem på plass bevaringsreglar for desse skulane. Det er i §7-28 både under bokstav a) og b) nemnt «planer» og «evalueringer», me lurar på kvifor dette er ført opp begge stader. Kunne desse to bokstavane vore slått saman til ein?

Når det gjeld forslag om bevaring av kvar 5. årgang av saker som går på tilskot til bustad er IKA Rogaland skeptisk til utvalskassasjon. Dette er ein svært arbeidskrevjande, og lite samfunnsøkonomisk måte å utføra kassasjon på. I tillegg tenker me at denne typen arkiv kan innehalda rettferdsdokumentasjon, og at bevaring derfor bør vurderast. Dersom det er snakk om tilskott som blir behandla i system drifta av Husbanken, meiner IKA at Husbanken bør overta arkivansvaret, inkludert ansvaret for oppbevaring. Dette for å unngå høgst unødvendig og lite samfunnsøkonomisk dobbelarkivering.

6. Avslutningsvis ønsker Arkivverket tilbakemelding om bevaring og kassasjon av personalmapper, og kjem med forslag om oppbevaringstid på minst 110 år (rekna frå den tilsette sitt fødselsår). (*IKA Rogaland oppfattar dette som at personalsakene skal oppbevarast til og med det året den tilsette fyller/ville fylt 110 år.*) Arkivverket skriv at dei pr i dag ikkje har nok kunnskap om korleis dette ville løyst seg for digitalt skapt materiale og kva det eventuelt ville ha kosta. Dei ber derfor høyringsinstansane særskilt om innspel om kva slags konsekvensar ei slik endring ville ha medført.

IKA Rogaland er positive til at Arkivverket opnar for kassasjon av dette materialet sidan det er snakk om store mengder ikkje-digitalt materiale som er i kommunane i dag. Me er usikre på korleis dette kan løysast på ein praktisk og samfunnsøkonomisk måte, med tanke på lagring av materialet i påvente av kassasjon. Når det gjeld elektronisk skapt personalarkiv ser me at det kan bli ei krevjande oppgåve å utføra kassasjon i desse så mange år etter arkivdanning. Dei fleste kommunane har hatt fullelektronisk personalarkiv i mange år. Desse digitale personalarkiva er ikkje skapt med tanke på kassasjon. Dersom ein skal gjennomføra kassasjon i elektronisk skapt personalarkiv må ein starta med nytenking om korleis ein bygg opp, organiserer og periodiserer personalarkiv. Det vil vera ei stor utfordring å gjennomføra kassasjon etter oppbevaringsfrister som overgår periodiseringa.

I tillegg vil IKA Rogaland påpeika at ein bør gjera endringar i noverande § 7-24 bokstav e), slik at ein også får bevaringspåbod for behandlingar i kommunestyret og fylkestinget, ikkje berre førebuaende organ som formannskapet og fylkesutvalet.

Med helsing

Tor Ingve Johannessen
Dagleg leiar

Lin Øiesvold
Rådgjever